

Sak 30/21. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2022**Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret må innan den 20. november (har fått utsett frist) senda inn oppsynsbudsjett til Statskog SF for godkjenning. Dette budsjettet skal omfatta alt refusjonsgjevande arbeid, d.v.s. arbeid for fjellstyret - administrativt arbeid og feltarbeid på statsallmeningsgrunn i Aurland. Framlegg til budsjett ligg ved, ført på standard skjema laga av Statskog SF. Dette er ført i samsvar med Statskog sine retningslinjer, og byggjer m.a. på rekneskapstala for 2020 og budsjettet for 2021. Det vert lagt opp til omlag den same bemanninga og timetalet som i 2021. Av samla timetal på 5325 timar er det berekna at 2300 timar (omlag 1,3 årsverk) er tilskotsgjevande arbeid for fjellstyret, og 3000 timar er tenestetal til andre, som SNO, NINA, Felles landbrukskontor ÅLA, Villreinutvalet og Aurland Setjefisk BA.

	Budsjettert timepris	Timepris i rekneskap
2017	400	375,-
2018	439,-	390,-
2019	448,-	397,-
2020	453,-	429,-
2021	453,-	-
2022	466,-	-

Tabellen ovanfor syner at ein dei siste åra har kome ut med ein timekostnad som låg noko under det som var budsjettert. I forslaget til budsjett for 2022 har eg teke utgangspunkt i oppsynsbudsjettet for 2021 med ein budsjettert timepris på kr. 453, og føreslær å leggja inn ein auke på 3 % på denne timekostnaden (gjennomsnittleg lønsauke i Noreg i 2021). Eg kjem då fram til ein timekostnad for 2022 på kr 466,-.

Summen ein kjem fram til i rubrikken «Sum tilskuddsberettiget arbeid» på skjemaet er grunnlaget for utrekning av det statlege tilskotet til fjelloppsyn i statsallmenning, ut frå ordlyden i § 36 i Fjelleva. Tilskotssummen kan tilsvare inntil 50 % av kostnaden, men er avhengig av kva som vert den reelle løyvinga i statsbudsjettet. Det normale har vore at tilskotet har vorte noko avkorta etter Statskog SF sin gjennomgang av rekneskapstal og timetal for refusjonsgjevande arbeid. Fjellstyret har tidlegare fått signal om at Statskog, i samråd med fjellstyresambandet, vil tilgodesjå fjellstyra som ligg i «skrantesjukeona,» når tilskotet skal fordelast. Likevel ser ein at statstilskotet til Aurland fjellstyre ofte berre har dekt omlag 35 % av kostnaden med ordninga. Eit gledeleg unntak var i år, då Stortinget auka løyvinga til fjellstyra si oppsynsordning med 50 %, og dette gav auka tilskotssum for alle fjellstyra med oppsynsordning.

Framlegg til vedtak:

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2022 vert godkjent og oversendt Statskog SF.

Fjellstyrekontoret, den 10.11.21

Harald Skjerdal